



# Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Sak nr 11/2008

Møtedato: 28.1.08

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: S 694

## S 694, Jaslangen – ny behandling av byggesøknad

I sak 57/07 godkjente fjellstyret søknad om oppføring av nytt sel på 65 m<sup>2</sup> (BRA) på Jaslangen. Statskog hadde tilrådd sel på inntil 50 m<sup>2</sup> (BYA) og fjellstyret godtkjente søknaden mot Statskog si tilråding. Statskog klaga over vedtaket m.a. med den grunngjeving at det ikkje er gjort ei konkret vurdering av behovet for sel. I sak 21/08 behandla fjellstyret klagan og opprettheldt vedtaket i sak 57/07. Saka var sendt vidare til Statens landbruksforvaltning, jf. §28 i forvaltningsloven

Statens landbruksforvaltning har den 30.9.08 oppheva fjellstyret sitt vedtak 57/07. Grunngjeving for SLF sitt vedtak er at fjellstyret ikkje har grunngjeve vedtaket godt nok ut frå drifta på garden. SLF understrekar at fjellstyret er best skikka til å foreta konkret vurdering av behovet for hus, og har i klagebehandlinga ikkje overprøvd fjellstyret sitt skjønn.

Søkjær har orientert nærmere om planane for drift på garden og dei har levert driftsplan for neste 5 år. Driftsplanen legg opp til 50 vinterfora sau. Alle hus på garden er opprusta og godt vedlikehalde. Jordvegen er i god hevd og tilfredsstillande til produksjon av grovfôr for besetningen. På stølen på Jaslangen er gjerde skifta ut i 2004-2008. Det er rydda vegetasjon på stølsjordet for at stølen skal brukast til beite. Søkjaren har det mest nødvendige av maskiner og reiskap, og alt er i god stand. Det trengst ikkje vesentlege investeringar for å drive med den planlagde drifta. Driftsoverskotet for jordbruket er på ca kr 150.000. Dette er ikkje lite for eit bruk av denne storleik og driftsopplegget vil vera eit godt grunnlag for drift, både for noverande og framtidig brukar. Føresetnaden for å oppnå slik inntekt, at stølen kan brukast slik som skissert. Investeringane dei siste åra er også gjort med tanke på at neste generasjon etter kvart skal overta. Planlegging av drifta er gjort i samarbeid mellom noverande og framtidig brukar. Driftsplanen er i samsvar med det søkjaren opplyste om planlagt utvida drift i fyrste søknaden. Fjellstyret skal behandle søknaden ut frå dei planane som er lagt fram og ikkje tilstanden på søknadstidspunktet, jf. §§ 13 og 14 i stølsforskrifta. Ein føresett at planane blir fylgt opp i praksis. For å klargjera dette, kan ein i vedtaket stille vilkår om at planane blir fylgt opp og bruken dokumentert.

Statskog frårådde i fyrste uttale at det vart gjeve løyve til større sel enn 27 m<sup>2</sup>, som det eksisterande sel var. Grunngjeving for dette var at det ikkje var behov for husvære med slik drift som var planlagt. Etter det vart dokumentert at det var ein gamal grunnmur på 47 m<sup>2</sup>, hadde Statskog ingen merknader til ny søknad om sel på 50 m<sup>2</sup>. Statskog fann dette relevant ut frå "historisk" grunnlag og ikkje ut frå behov i drifta. Statskog gjentek i klagebrev datert 5.3.07 at drifta som er skissert ikkje har behov for husvære. Statskog skriv i alle uttaler der det dreier seg om sel på stølar med beite eller slått, at det ikkje er behov for husvære. Vi må stadfeste at Statskog og fjellstyret har ulik skjønnsvurdering av kva som er behov for husvære. LMD skriv at det er fjellstyret som har best grunnlag for å gjera slik vurdering og dette er også nedfelt i regelverket.

Fjellova der dynamisk og bruksretten skal kunne nyttast i samsvar med tida og tilhøva. I LMD sitt siste rundskriv (3/2007) om forståing av stølsforskrifta, blir tolking av bruksretten endra. Det er ei utvida tolking av kva bruksretten inneheld. Dette blir gjort utan at det er nødvendig med endring av korkje fjellov eller stølsforskrift. Dette stadfestar at bruksretten ikkje er statisk, og at bruksretten kan utøvast ulikt etter dei tilhøva som er på staden. Stølsforskrifta har ikkje detaljert regelverk på korleis saker skal behandlast. Fjellstyret har ansvar for forvaltning av bruksretten og har eit sjølvstendig ansvar for å vurdere kva bruksretten inneheld ut frå lokal tilhøve. Det som er vanleg drift i Gudbrandsdalen, er ikkje nødvendigvis vanleg i Valdres. I Vestre Slidre har vi ein annan måte å drive med sau på, og dette må fjellstyret ha som grunnlag når ein vurderar behovet for hus på støl. Statskog sitt syn om at dette ikkje er innanfor bruksretten, syner at det er lite forståing for vår form for stølsdrift. Det viser at det er heilt nødvendig med lokal fjellstyreforvaltning av bruksretten.

Sauedrift blir praktisert ulikt frå område til område. Det er ofte vanleg at sauene blir sleppt i stor felles beitefelt og som gjerne er inngjerda. Andre stader er også normalt med felles sankelag. Dette er ikkje vanleg i Vestre Slidre. Sauebesetningen blir sleppt ut frå stølen, og ein prøver å halde sauene i nærleiken av stølen ved å ha kontakt og gi salt/mjøl. Dette gir god kontroll over dyra i løpet av sesongen, mindre dyretap og det er langt lettare å sanke om hausten. "Forskrift om velferd for småfe" pålegg tilsyn ein gong i veka med dyr som går på utmarksbeite. For dyr som går på vanleg utmarksbeite, er dette vanskeleg å oppfylle. Slik sauedriften blir praktisert i Vestre Slidre, blir dette pålegg oppfylt på ein god måte.

Ein besetning på 50 vinterfora sau, gir ca 150 sau på sumarbeite. Dette krev ikkje så lite tilsyn. Spesielt viktig er dette ved oppbygging av ny besetning. Det er ikkje berre å sleppe sauene i utmarka om ein skal ha eit håp om å finne dei att. Det krev at ein får dyra til å bli kjend på ein ny plass og ikkje dreg til område dei tidlegare har vore i. Søkjaren må derfor starte med å sleppe dyra på beite på stølsjordet. Det er ikkje naturleg vasskjelde på jordet, og det krev derfor ofte tilsyn. Når dyra blir slept på utmarksbeite, er det viktig at ein følgjer opp med tiltak som gjer at dyra ikkje trekkjer vekk. Slik driftsform krev etter fjellstyret sitt syn eit godt husvære. Etter fjellstyret sitt syn har stølsbrukaren behov for sel ved slik drift og skal kunne få føre opp eit tenleg og praktisk sel.

Ved vurdering av behov må ein erkjenne at krav til komfort har endra seg over tid. Utgangspunktet i dei gamle sela var at det var kombinert stue og kjøkken, eitt soverom og ein kleve (matbod). Etter kvart har kravet til komfort auka. I dag er det vanleg å ha delt kjøkken og stue, meir enn eitt soverom, vindfang, vaskerom, toalett/bad mm. Dette er etter fjellstyret sitt syn nødvendige funksjonar for eit hus som skal brukst mykje av sumaren. Det er derfor fjellstyret si plikt ved vurdering av behov å ta høgde for at det er nye/endra funksjonar og akseptere at dette fører til auka areal samlikna med tidlegare. Fjellstyret skal ikkje vurdere behovet etter kva som tidlegare har vore vanleg storleik på sel, men kva behov stølsbrukarane har i dag. Statskog meiner at nødvendige funksjonar i aktuell sak, skal løysast på  $50\text{ m}^2$ . Dette tilsvavar eit bruksareal på ca  $45\text{ m}^2$ . Det er ikkje lett å få dekka det nødvendige funksjonar på dette arealet. For å få til ei praktisk løysing, er det etter fjellstyret sitt skjønn behov for eit større hus enn det Statskog tilrår. Arealet i den aktuelle sak er ikkje spesielt stort og er eit høveleg sel ut frå drifta. Huset er mindre enn det ein normalt godkjenner for sel i dag.

Det er eit mål å ta vare på stølstradisjonane, dette er stadfesta både på lokalt, regionalt, fylke og nasjonalt plan. Styresmaktene viser dette i praksis i plansamanheng og ved ulike stimuleringstiltak for å ta vare på stølskulturen. Valdres har etablert landets fyrst natur- og kulturpark. Dette er gjort med støtte frå fire departement. Ved sidan av stavkyrkjene, er stølskulturen hovudelementet ved etablering av parken. Skal ein nå målet med å oppretthalde stølsdrift, må det vera vilkår som gjer at stølsbrukarane vil ta vare på stølslandskapt og stølskulturen. Det er viktig at stølen er ein plass der ein kan trivast, og at etterkomande generasjonar opplever trivsel med stølslivet frå dei er unge. Vestre Slidre har det mest intakte stølsområdet i landet, og det er viktig at det blir lagt rammer som gjer at ein kan ta vare på stølskulturen og stølslandskapet. Skal Statskog si tolking av bruksretten vera gjeldande, vil det bli liten interesse for å ivareta desse viktige verdiane.

#### **Vedtak:**

Ut frå opplysningane som er lagt fram om drifta, er det etter fjellstyret sitt skjønn godt gjort eit behov for sel slik som omsøkt. Fjellstyret godkjenner søknaden etter § 13 i stølsforskriftene. Vilkår for godkjenninga er at søkjaren følgjer opp med drift i samsvar med driftsplanen og at dette blir dokumentert over for fjellstyret. Fjellstyret har gjort vedtak ut frå at det er behov for husvære i samband med tilsyn av beitedyr og viser til grunnlaget for fjellstyret si vurdering i saksutgreiinga.

I følgje §28 i forvalningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal adresserast til Statens landbruksforvaltning og sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 6.2.09

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Vestre Slidre kommune  
Statskog  
Magne og Ingebjørg Moe